



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Fjalerhuset
Dato: 20.11.2025
Tid: Kl. 08:30

Medlemmer:

Espedal, Leif Jarle
Naustdal, Ainor Fristad
Nygaard, Kjersti Engvik
Vagstad, Jostein
Jarstad, Jostein
Sande, Elisabeth Boge
Stenseth, Svein-Martin Hovland
Taylor, Mark
Eimind, Marthe
Engen, Randi Oddny
Felde, Kjetil Høgseth
Grytøyra, Maren
Lammetun, Hans André
Dingsøy, Lene Beate Furset
Ness, Kjetil
Rundberg, Anna-Linnéa
Brattelid, Ståle
Stang, Gunhild Berge
Stølen, Christoffer Olai Klenevåg

Parti

AP
AP
AP
AP
H
H
MDG
MDG
SP
SP
SP
SP
SP
SV
SV
UAVH
V
V
V

Forfall meldt frå følgjande medl

Helle, Arve
Aase, Odd Helge
Myklebust, Kai Ronny
Haugsbakk, Marte

Parti

AP
H
H
V

Følgjande varamedl. møtte

Lindelid, Øyvind Olai
Ingen vara
Buttedal, Tore
Fismen, Arne

Parti

AP

H
V

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte
Felde, Kjetil Høgseth	069/25	Ingen vara innkalla

Merknader:

Presentasjonane frå kommunedirektøren, Visit Fjordkysten & Sunnfjord og Fjordkysten regional- og geopark v/Marita Solheim og Kjetil H. Felde er lagt til som nye referatsaker etter møtet.

Ainor Naustdal var setteørdførar sidan varaordførar hadde forfall.

Møteleiar: Espedal, Leif Jarle

_____	_____	_____
_____	_____	_____
_____		_____

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel		ArkivsakID
062/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		25/1788
063/25	Godkjenning av protokoll		25/1788
064/25	Referatsaker		25/1788
065/25	Justering lokale retningslinjer SMIL, NMSK og beitebruk		25/1720
066/25	Informasjon om meirforbruk knytt til prosjekt 2188 - Samvirket		17/1939
067/25	Informasjon om meirforbruk knytt til prosjekt 2486 - kunstgras Våge stadion		16/2419
068/25	Prosjekthandboka - revisjon		25/1763
069/25	Vedtak om deltaking i forsøksordning om administrativt vertskommunesamarbeid på fagområdet eldre og avslutta arkiv		25/1768

062/25: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Innkalling og sakliste vert godkjende.

20.11.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Kjetil H. Felde (SP) gjorde merksam på at sak 065/25 retningsliner for smil ikkje var publisert på innsyn på kommunen sin nettside. Dette var fordi det låg feil status på saksmappa i sakarkivsystemet. Dette vart endra på tysdag 18.11.25 og saka vart då òg publisert på nettsida.

Røysting: samrøystes

KOM- 062/25 Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjende.

063/25: Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå siste møte vert godkjend.

20.11.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 063/25 Vedtak:
Protokollen frå siste møte vert godkjend.

064/25: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Referatsakene vert godkjende.

20.11.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Kommunedirektøren heldt presentasjon om status for drift, budsjett og kommunikasjon. Presentasjonen er lagt til som ny referatsak etter møtet.

Ordførar orienterte om folkemøte i Våge den 12.11.25 om landbasert oppdrett på Lutelandet. Bue Salmon skal no i gang med anleggsarbeidet på Lutelandet.

Dei har sendt inn søknad om dispensasjon som skal opp i formannskapet i neste veke. Det er ein del utfordringar, m.a. at dei ikkje har nok straum til å starte produksjonen i 2028 på det første byggetrinnet. Ein anna utfordring er gjeldande reguleringsplanen for Lutelandet som vart vidareført når arealdelen til kommuneplanen vart vedteke. Statsforvaltaren peikar på nokre ting som er utdatert i planen, og ikkje omtalt i planen.

Mark Taylor (MDG) som kommunestyret sin representant i eldrerådet orienterte frå møte i eldrerådet som var den 19.11.25. Referat frå dette møtet vil bli meldt opp som referatsak til kommunestyremøtet 11.12.25. Eldrerådet skal handsame framlegg til økonomiplanen i møte 03.12.25 og vil førebu ei uttale til budsjettet.

Anna-Linnea Rundberg (uavhengig) kommenterte referatsak 041/25 og ønskjer at saka blir teke med i budsjettarbeidet.

Ordførar gjorde framlegg om at det skal utgreiast ei sak SFO på Våge skule i skuleferien i samband med handsaming av budsjettet for 2026.

Røysting om framlegget: framlegget fall med 21 mot 1 røyst (**Rundberg, uavhengig**).

Røysting referatsaker: samrøystes

KOM- 064/25 Vedtak:

Referatsakene vert godkjende.

065/25: Justering lokale retningslinjer SMIL, NMSK og beitebruk

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Fjaler kommune vedtek dei justerte retningslinjene for SMIL, NMSK og beitebruk slik dei ligg føre, gjeldande fram til 2028.

20.11.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 065/25 Vedtak:

Fjaler kommune vedtek dei justerte retningslinjene for SMIL, NMSK og beitebruk slik dei ligg føre, gjeldande fram til 2028.

066/25: Informasjon om meirforbruk knytt til prosjekt 2188 - Samvirket

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Meirforbruket på 1 042 571 vert dekt av låneopptak.

06.11.2025 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet sitt framlegg til kommunestyret.

FOR- 056/25 Vedtak:

Formannskapet sitt framlegg:

Meirforbruket på 1 042 571 vert dekt av låneopptak.

20.11.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 066/25 Vedtak:

Meirforbruket på 1 042 571 vert dekt av låneopptak.

067/25: Informasjon om meirforbruk knytt til prosjekt 2486 - kunstgras Våge stadion

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Meirforbruket på 864 197 vert dekt av låneopptak

06.11.2025 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet sitt framlegg til kommunestyret.

FOR- 057/25 Vedtak:

Formannskapet sitt framlegg:

Meirforbruket på 864 197 vert dekt av låneopptak

20.11.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Kommunalsjef kultur og samfunnsutvikling Ingeborg Tysnes svara på spørsmål frå **Mark Taylor (MDG)** om kvifor rekneskapen vart levert for seint jf. brev frå fylkeskommunen. Dette har si årsak i at kommunen heldt att 10 % av prosjektrekneskapen, fordi det ikkje låg føre godkjent felttest for kunstgrasbanen. Dermed var rekneskapen ikkje ferdig. Kommunalsjef har bedt fylkeskommunen om ei presisering for kvifor dette vart nemnt i brevet. Var det for å presisere at dette er ein regel eller er kravet om tilbakebetaling av spelemidlar ein konsekvens av at rekneskapen var for seint? Kommunalsjefen hadde i møtet enno ikkje fått svar frå fylkeskommunen. Svaret vil verte lagt til i saka etter møtet.

Røysting: formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 067/25 Vedtak:

Meirforbruket på 864 197 vert dekt av låneopptak

068/25: Prosjekthandboka - revisjon

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunestyre tek revisjon av prosjekthandboka og tilhøyrande malverk til vidtande.
2. Kommunestyre tek informasjon om oversikt over avslutta prosjekt og status for prosjektrapport og prosjektrekneskap til vitande.

20.11.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 068/25 Vedtak:

1. Kommunestyre tek revisjon av prosjekthandboka og tilhøyrande malverk til vidtande.
2. Kommunestyre tek informasjon om oversikt over avslutta prosjekt og status for prosjektrapport og prosjektrekneskap til vitande.

069/25: Vedtak om deltaking i forsøksordning om administrativt vertskommunesamarbeid på fagområdet eldre og avslutta arkiv

Ugilde

Følgjande varamedl.
møtte

Merknad

Felde, Kjetil Høgseth

Ingen vara innkalla

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Fjaler kommune stiller seg bak søknaden til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) om å delta i forsøksordninga i inntil fire år.

2. Fjaler kommune vedtek Forskrift om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivområdet, som gjeldande i forsøksperioden.

20.11.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Kjetil H. Felde (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet sidan han er styremedlem i Kommunearchivordninga i Vestland.

Felde tredde ut av møtet under handsaminga av habilitetsspørsmålet.

Røysting habilitet: kommunestyret vedtok samrøystes at Kjetil Felde er inhabil i tråd med forvaltningslova. § 6-1 bokstav e.

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 069/25 Vedtak:

1. Fjaler kommune stiller seg bak søknaden til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) om å delta i forsøksordninga i inntil fire år.
2. Fjaler kommune vedtek Forskrift om forsøksordning om vertskommunesamarbeid på arkivområdet, som gjeldande i forsøksperioden.